



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: Verneområdestyret for SVR

Møtested: , Teams

Dato: 15.01.2025

Tidspunkt: 09:00 - 10:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Leder	
Margit Dale	Medlem	
Marit Høie	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	
Anne Eikerapen	Medlem	
Janne Nystøl	Medlem	
Hans Blattmann	Medlem	
Mads Drange	Medlem	
Anita Husøy Riskedal	Nestleder	
Kenny Rettore	Medlem	
Jan Petter Gysland	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Sverre Kvinlaug	MEDL	
Hayley Anita Henriksen	MEDL	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Det skal forst 1 time for deltaking på møte og 0.5 time til førebuing.

Øvrige frammøtte:

Navn

Alf Odde

Jørn Trygve Haug

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jonny Liland

Marit Høie

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 2/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 3/25	Orienteringer		
ST 4/25	Referatsaker		
ST 5/25	Uttale til oppstart av arbeidet med kommuneplanen for Bykle kommune. Arealdelen 2025 - 2035.		2024/11089
ST 6/25	Eventuelt		

ST 1/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.01.2025

Behandling

Vedtak

Møteinnkaling og saksliste er godkjent.

ST 2/25 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.01.2025

Behandling

Vedtak

Marit Høie vart valt til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 3/25 Orienteringer

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.01.2025

Behandling

Det var inga orienteringssakar til møte.

Vedtak

ST 4/25 Referatsaker

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.01.2025

Behandling

Det var inga referatsakar til møte.

Vedtak

ST 5/25 Uttale til oppstart av arbeidet med kommuneplanen for Bykle kommune. Arealdelen 2025 - 2035.

Forvaltar si innstilling

Arbeidsutvalet i verneområdestyret syner til oppstartsmelding og planprogram for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen for Bykle 2025 – 2035.

Arbeidsutvalet er uroa for at vidare hytteutbygging i Bykle, i midt-regionen og på Hovden spesielt, vil påverka verneområda og verneverdiane svært negativ. Arbeidsutvalet er særleg bekymra for den store mengda ferdsel ut frå eksisterande og nye utbyggingsområde og innverknaden dette har på villreinens bruk av trekkområde, kalvingsområde og vinterbeiteområde. Vidare fokus i planarbeidet bør difor vera korleis kommunen skal handtere, styre og kanalisere ferdsla frå eksisterande utbygging, framføre å legge til rette for ny.

Arbeidsutvalet syner til midt-regionen og Hovden si lokalisering nær kalvingsområde og heilt sentrale vinterbeiteområde for villreinen både på aust- og vestheia. Vidare at bruken av trekkområda mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde alt er redusert med over 90%, og der fleire vinterløyper har ei mengde ferdsel som tilseier at villreinen ikkje vil kunne trekke over, med konsekvens mindre tilgjengeleg beiteareal.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 16.12.2024

Jonny Liland Saka takast opp til handsaming på neste møte i verneområdestyret 19.02.2025. Saka har prinsipielle sider som bør forankrast i heile verneområdestyret. Forvaltningssekretariatet får i oppdrag å be Bykle kommune ut utsett frist for innsending av uttale.

Behandling

Nytt framlegg til vedtak frå Jonny Liland vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (Anita Husøy Riskedal).

Vedtak

Saka takast opp til handsaming på neste møte i verneområdestyret 19.02.2025. Saka har prinsipielle sider som bør forankrast i heile verneområdestyret. Forvaltningssekretariatet får i oppdrag å be Bykle kommune ut utsett frist for innsending av uttale.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.01.2025

Hans Blattmann Verneområdestyret syner til oppstartsmelding og planprogram for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen for Bykle 2025 – 2035. Verneområdestyret er uroa for at vidare hytteutbygging i Bykle, i midt-regionen og på Hovden spesielt, vil påverka verneområda og verneverdiane svært negativ. Verneområdestyret er særleg bekymra for den store mengda ferdsel ut frå eksisterande og nye utbyggingsområde og innverknaden dette har på villreinens bruk av trekkområde, kalvingsområde og vinterbeiteområde. Vidare fokus i planarbeidet bør difor vera korleis kommunen skal handtere, styre og kanalisere ferdsla.

Verneområdestyret syner til midt-regionen og Hovden si lokalisering nær kalvingsområde og heilt sentrale vinterbeiteområde for villreinen både på aust- og vestheia. Vidare at bruken av trekkområda mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde alt er redusert med over 90%, og der fleire vinterløyper har ei mengde ferdsel som tilseier at villreinen ikkje vil kunne trekke over, med konsekvens mindre tilgjengeleg beiteareal.

Behandling

Nytt forslag til vedtak frå Hans Blattmann vart vedtatt med 8 mot 3 stemmar (Mads Drange, Hans Blattmann, Anita Husøy Riskedal, Jonny Liland, Inger Lise Lund Stulien, Kenny Rettore, Anne Eikerapen, Jan Petter Gysland stemte for nytt forslag til vedtak frå Hans Blattmann.

Margit Dale, Marit Høie og Janne Nystøl stemte for forvaltars innstilling.

Vedtak

Verneområdestyret syner til oppstartsmelding og planprogram for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen for Bykle 2025 – 2035.

Verneområdestyret er uroa for at vidare hytteutbygging i Bykle, i midt-regionen og på Hovden spesielt, vil påverka verneområda og verneverdiane svært negativt. Verneområdestyret er særleg bekymra for den store mengda ferdsel ut frå eksisterande og nye utbyggingsområde og innverknaden dette har på villreinens bruk av trekkområde, kalvingsområde og vinterbeiteområde. Vidare fokus i planarbeidet bør difor vera korleis kommunen skal handtere, styre og kanalisere ferdsla.

Verneområdestyret syner til midt-regionen og Hovden si lokalisering nær kalvingsområde og heilt sentrale vinterbeiteområde for villreinen både på aust- og vestheia. Vidare at bruken av trekkområda mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde alt er redusert med over 90%, og der fleire vinterløyper har ei mengde ferdsel som tilseier at villreinen ikkje vil kunne trekke over, med konsekvens mindre tilgjengeleg beiteareal.

ST 6/25 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.01.2025

Behandling

Vedtak